


FANGST OG SKJELPRØVAR I ESPEDALSELVA

Fangststatistikk

Gjennomsnittleg årsfangst av laks i perioden 1988-2021 var 403 (snittvekt 4,1 kg). Før 1988 var det registrert små fangstar enkelte år, men det er ikkje kjent om dette er reelt eller skuldast manglande innrapportering (**figur 1**, stolpar). Frå ca. årtusenskiftet auka fangstane, og snittet for perioden 2000-2021 er 553 laks, med 2016 som toppår (924 laks). I 2021 vart det fanga 384 laks (snittvekt 4,9 kg), ei halvering i høve til 2020, og den dårlegaste fangsten sidan 2010. Tjueto laksar vart sett ut att i elva (6 %).

Gjennomsnittleg fangst av sjøaure i perioden 1988-2009 var 127 fisk (snittvekt 1,0 kg). Fangstane avtok frå 2000 og utover, og frå 2010 har sjøauren vore freda. I 2021 vart det fanga 83 sjøaure, 80 vart sett ut att (96 %).

Utviklinga i sjøaurefangstane i Espedalselva frå midt på 1990-talet stemmer godt over eins med det ein har sett for resten av fylket (**figur 1**, linje). Det er ikkje tilfelle i same grad for laks, fleire av åra avvik laksefangstane markert frå trenden i fylket elles. Fangstane av laks i 2015-17 var relativt sett klart betre enn snittet for resten av fylket, medan reduksjonen frå 2017 til 2018 var meir markert.




FIGUR 1. Fangst av laks og sjøaure i Espedalselva i perioden 1978-2021 (stolpar). Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn) og laks (>3 kg, blå), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn), mellomlaks (3-7 kg, raud) og storlaks (>7 kg, svart). Linjer viser samla fangst av laks og sjøaure i resten av Rogaland (utanom Espedalselva). Sjøauren er freda frå 2010. NB! Figuren inkluderer gjenutsett fisk.

Analysar av skjelmateriale

Sidan 2005 er det analysert skjelpørvar av 3002 laks og 23 sjøaure frå Espedalselva (**figur 2**). Dei siste sju åra har det kome inn mange skjelpørvar, i 2021 mottok me prøvar av 259 laks, som er 72 % av avliva fangst, og ein sjøaure (33 %).

Innslaget av rømt oppdrettslaks har vore stabilt lågt etter 2011, andelen har vore under 1 % alle år. I 2021 var det to oppdrettslaks i skjelmaterialet (0,8 %).



FIGUR 2. Antal skjelpørvar frå Espedalselva (stolpar) og andel rømt oppdrettslaks (linje).

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Edvard Griegs vei 3D, 5059 Bergen

Tlf. 55 31 02 78

E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no